

Praktverk om kyst-Noreg

Mare
27.09.14

Historikarar ved Høgskulen i sorane Atle Døssland og Arnljot Volda er sentrale i utgjevinga av Løset litt frå sine sentrale og det nye praktverket om kyst-imponerende oversiktlige bidrag Noreg. I helga presenterte profes- i det nasjonale bokverket.

I bokverket på fem solide bind gir Fagbokforlaget ut den første heilskaplege nasjonale kyst- og fiskerihistorie som er skriven. Og i «Norges fiskeri- og kysthistorie» har det sterke fagmiljøet ved Høgskulen i Volda bidrege med ein sentral del av det som er med om den interessante historiske fram-

Som eit utgangspunkt for denne samla historia knytt til kysten og fiskeria, spør dei kva Noreg ville vore utan kyst.

Marine ressursar - ein sentral del av eksistensgrunnlaget


Det vert vist til at gjennom det meste av vår historie har fisk og

andre marine ressursar vore ein sentral del av eksistensgrunnlaget for kystfolket og ei vesentleg inntektskjelde for landet. Og ikkje minst at kystleia har vore den viktigaste ferdelsåren. Sjøen har gitt mat på bordet, arbeid og inntekt, og forma levesett og tenkjemåte.

Bokverket på fem bind er elles ikkje berre ei framstilling av fis-

keria si rolle i den nasjonale utviklinga. Det er også ei forteljing om kysten, kystsamfunna, om levemåte og kultur. Samla tek bokverket for seg denne historia langt tilbake i tid. Og ikkje minst så ser dei også framover på ei utvikling der oppdrettsnæringa er blitt ein vesentleg premisleverandør.

Professorane ved fagmiljøet i Volda, Atle Døssland og Arnljot Løset er sentrale forfattarar av det interessante bind II. Her vert der serleg greidd ut om ekspansjonen i eksportfiskeria, og tek for seg perioden frå 1720 til 1880. I denne perioden vart fiskeeksportten frå Noreg mangdobla. I tillegg til tørrfisk og tran, som hadde vorte eksportert frå Noreg sidan mellomalderen, vart klippfisk og stild no viktige eksportvarer. Eit anna utviklingsstrekk var at folketallet langs kysten auka kraftig



utover på 1800-talet, og fiskeeksporten var med på å gjere Noreg til eit relativt rikt land.

Under presentasjonen dei hadde i Herøy i helga, minte Døssland om at i alt det historiskeattersynet som har vore på 1814, har ikkje fiskarane og fiskeria fått serleg plass. Der har bøndene og innlandskulturen dominert.

Litt av det han fortalde om forhold og utvikling i dei ulike deler av kysten rundt 1814, var at skilnadane var store. Situasjonen sør- over på Vestlandet var langt lysare enn i nord der det var krise. Historikarane er inne på at her er store kulturelle skilnader mellom sør og nord på kysten, og som verka inn på levemåte og korleis dei satsa.

INGE KLØVNING



* Atle Døssland og Arnljot Løset.